



Grovfôrkvaliteten gir utfordringer i Geitefôringa

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit - TINE

Sammendrag

Ein sommar med mykje nedbør har gitt svært vanskelege innhaustingsforhold og stor variasjon i grovfôrkvaliteten i mange områder i Sør-Norge. Dette skapar utfordringar i fôringa av mjølkegeitene med tanke på yting, mjølke kvalitet og utnytting av fôret.

Publisert

2011

Referanse

Sau og Geit nr. 5/2011

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no



Grovfôrkvaliteten gir utfordringar i geitefôringa

Ein sommar med mykje nedbør har gitt svært vanskelege innhaustingsforhold og stor variasjon i grovfôrkvaliteten i mange områder i Sør-Norge. Dette skapar utfordringar i fôringa av mjølkegeitene med tanke på yting, mjølke kvalitet og utnytting av fôret.

Både grovfôrmengder og grovfôr-kvalitet varierer svært mykje frå bruk til bruk. Fôrkvaliteten vil truleg også variere betydeleg innan besetning fordi slåtten har teke lang tid.

Det er viktig å kome tidleg i gang med planlegging. Kjennskap til grovfôr-kvalitet og kva ein kan forvente av grovfôropptak er vesentleg for val av kraftfôrtype og -mengder og for planlegging av gode fôrrasjonar. Såleis

er uttak av grovfôrprøver viktigare enn nokon gong.

Lågare energi- og proteintilførsel

Energi- og proteinverdien av grovfôret er først og fremst påverka av graset sitt utviklingsstadium ved hausting. Utsett haustetid fører til ein rask nedgang i næringsverdien.

Når haustetida vert utsett med 14 dagar vil energiinnhaldet i graset bli redusert med om lag 10%. Det tilsvarer ein nedgang frå 0,90 til 0,81 FEM pr. kg tørrstoff.

Nedgangen i energiverdi er først og fremst knytt til innhaldet av NDF (fiber) i graset. Ved utsett hausting aukar den ufordøyelege fiberfraksjonen (iNDF) og dette påverkar også kor lang tid geita brukar på å fordøye fôret og dermed grovfôropptaket.

Innhaldet av råprotein går også ned

med utsett haustetid. Noko avhengig av gjødslingsnivå og grasarter i enga, kan proteininnhaldet fort gå ned med 15% i løpet av 14 dagar.

Konsekvensar for fôringa

Mykje nedbør og blaute jorder under innhausting kan medføre redusert gjæringskvalitet og hygienisk kvalitet.

I mange buskavar må ein denne sesongen rekne med eit lågare grovfôropptak. Saman med lågare energiinnhald i grovfôret betyr dette samla sett et lågare energiopptak frå grovfôr. Lågt proteinnivå i grovfôret går også utover grovfôropptaket, fordi proteinnivået m.a. er viktig for aktiviteten til vommikrobane som fordøyer grovfôret.

Seint hausta grovfôr eller lite grovfôr kan gi ein minnerfattig fôrrasjon. Dette gjeld særleg i seinlaktasjon og tørrperiode når kraftfôrnivået er

moderat. Lågt grovfôropptak gir utfordringar i høve til å gi geitene balanserte fôrrasjonar med gunstig forhold mellom grovfôr og kraftfôr. Kompensasjon for lite eller dårleg grovfôr, gjennom større kraftfôrmengder, er utfordrande i høve til vomfunksjonen. Det blir då særskild viktig å bruke rett type kraftfôr, og ein må leggje stor vekt på fôringsrutinar gjennom fordeling av kraftfôret på fleire utføringar pr. dag.

Fiberrikt kraftfôr

Ved grovfôrmangel er det aktuelt å bruke særleg fiberrikt kraftfôr for å kunne kompensere for lågt grovfôropptak. Tilstrekkelig grovfôrmengde, men med svak kvalitet, vil kunne bety at ein bør kombinere ulike kraftfôrtypar for samla sett å oppnå ein optimal rasjon. Type og mengde kraftfôr er, med andre ord, avhengig av grovfôrkvalitet.

For å oppnå ønska avdrått og mjølkekvalitet komande sesong må ein planlegge ut frå grovfôrmengde og grovfôrkvalitet. Kjennskap til grovfôrkvalitet og bruk av fôrplanleggingsverktøy, der det blir rekna på konkrete fôrrasjonar, er nødvendig.

Viktig med grovfôranalyser

Det er viktig at ein får lagt ein god plan for heile innefôringsperioden, både for tørrperioden og for laktasjonsperioden frå kjeing til beiteslepp.

Tørrperioden er ein viktig periode der ein må ha som mål at geitene får bygge opp hald til komande laktasjon. Den gunstige verknaden av gode kroppsreserver på mjølkekvalitet er godt dokumentert. Det er viktig at ein også i denne perioden har ein plan for kraftfôrstrategi for å oppnå ønska haldutvikling.

- *Kva skal ein ta prøve av?* Som grunnregel bør det takast ein fôrprøve av kvar slått. Dersom slåtten har teke lang tid, som den har gjort mange stader i år, vil ein med ein prøve frå starten og ein frå slutten skaffe seg oversikt over variasjonen i kvalitet. Ved mange ulike skifter er det aktuelt å ta ut fleire prøver.

Nytt og betre fôrplanleggingsverktøy

Tine si fôringsgruppe, *Topp Team Fôring Geit*, arbeider no med å betre fôrplanleggingsverktøyet til geit.

Kva fortel grovfôranalysen om grovfôret?

Grovfôranalysen gir deg informasjon både om analyserte verdiar for ulike næringsstoff, gjæringskvalitet og berekna fôrverdiar.

Viktige fôrkaraktistikkar:

- 1) *Tørrstoff:* Optimalt innhald av TS i forhold til grovfôropptak og mjølkeyting er på 30-35%.
- 2) *NDF:* Påverkar grovfôrets energi- og proteinverdi og er viktig for strukturverdien til rasjonen. NDF-verdiar mellom 480 og 520 g pr. kg tørrstoff gir oftast grunnlag for høgt grovfôropptak, samstundes som det er nok struktur til å oppretthalde ein god vomfunksjon ved kombinasjon med riktig kraftfôrtype og -mengde. Geita reagerer raskt på strukturfattige rasjonar, så denne eigenskapen ved fôret er svært viktig å kjenne.
- 3) *iNDF:* Dette er eit mål på innhald av totalt ufordøyeleg fiber. iNDF er den faktoren som påverkar energi- og proteinverdien mest. Innhald av iNDF under 100 g pr. kg/TS er svært god kvalitet, og ein verdi mellom 100-150 g/kg TS er god. Når innhaldet av iNDF er over 200 blir det karakterisert som høgt og har betydeleg

negativ verknad på energi- og proteininnhald. iNDF vert påverka både av utviklingstrinn på gras og temperatur under innhausting. Difor kan innhaldet av iNDF variere i grovfôr med om lag same haustetid.

- 4) *Gjæringskvalitet:* Innhaldet av m.a. mjølkesyre, eddiksyre, smørsyre og ammoniakk påverkar grovfôropptaket. Dette er svært viktig informasjon for å vurdere sannsynleg grovfôropptak og behovet for kraftfôr. I eit år som dette, med vanskelege innhaustingsforhold, er det særleg viktig å ha med gjæringskvalitet som ein tilleggsinformasjon om grovfôret ein skal bruke.
- 5) *Råprotein:* Ynskjeleg innhald av råprotein i laktasjonsperioden er 140-160 g pr. kg TS. Ved eit råproteininnhald under 140 g/kg TS må ein nytte kraftfôr med positiv PBV. Kombinasjon av kraftfôr og grovfôr som gir låg PBV i fôrrasjonen kan virke negativt på fordøyelsen av grovfôret og gi eit lågare grovfôropptak. I tørrperioden er det akseptabelt med eit lågare innhald av råprotein i grovfôret.

Gjennom å bruke kunnskap frå NorFor-systemet kan vi berekna gode fôrrasjonar som er gunstige for vommiljøet. Dårleg vommiljø gir redusert grovfôropptak, grovfôrfordøyelse og går ut over avdrått og innhald i mjølka.

I fôrplanleggingsverktøyet vil vi m.a. få eit mål for vommiljø gjennom berekning av *Vombelastning*. Vombelastning er eit kjemisk mål for forholdet mellom lettfordøyelege karbohydrater (sukker og stivelse) og tungtfordøyelege karbohydrater (NDF) i total fôrrasjon.

Vi må ta omsyn til at fôrrasjonen ikkje må ha for mykje lettomsattelege karbohydrat, men samtidig må der vere nok for at vomma skal fungere godt. Ved å sette ei øvre og nedre

grense for vombelastning, kan ein optimalisere rasjonen.

*Tekst og foto: Helga Kvamsås
Topp Team Fôring Geit
TINE*

Oppsummering:

For å få eit godt grunnlag for planlegging og gjennomføring av komande fôringsperioden:

- Skaff oversikt over mengde og kvalitet av grovfôret du har til disposisjon.
- Ta ut grovfôranalyser for å få oversikt over grovfôrkvaliteten og få betre grunnlag for val av kraftfôrtype.
- Sett opp fôrplanar for ulike periodar og plan for disponering av grovfôr.